

TILLITSVALD- HANDBOKA

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Hei, Du!



Foto: Line Sjøhelle



HØGSKULEN I VOLDA

Gratulerer med verv som tillitsvald!

Du har no tatt på deg ei ansvarsfull oppgåve. Å vere tillitsvald betyr at du blir ein viktig kontaktperson for dine medstudentar i klassen, særleg når det gjeld saker rundt klassemiljø, konflikhtar mellom medstudentar eller med lærarane. Du er ein del av studentdemokratiet på høgskulen, og bidrar på den måten til at vi som studentar trivst i Volda og får mest mogeleg ut av utdanninga! Du kan og bli vald til kvalitetsutval-medlem for å evaluere kvaliteten i studiet.

Tillitsvalddordninga er eit av studentane sine organ på høgskulen som jobber for å ivareta studentanes interesser og fremme studentanes synspunkter overfor institusjonens styre. Den er til og med lovfesta i Universitets- og høyskoleloven § 4, og det er ikkje minst derfor ein viktig jobb du gjer!

Lytt til medstudentane dine, og hjelp oss til å gjere studietida di her i Volda uforgløyemeleg! Stikk gjerne innom Studentparlamentet sitt kontor på BK om du har spørsmål!

DI ROLLE SOM TILLITSVALD



1

ROLLA

Som tillitsvald er du Studentparlamentet sin kontakt og bindeledd ut til enkeltstudentane. Ved hjelp av deg som tillitsvald er det lettare for Studentparlamentet både å få kontakt med, og få informasjon frå klassene. Det bidreg til at vi lettare kan få auge på og ta tak i eventuelle utfordringar som måtte oppstå.

I rolla som tillitsvald har du teieplikt. Det du måtte få vite av sensitiv personinformasjon skal ikkje delast med andre. Det er viktig at du som tillitsvald har tillit hjå dine medstudentar.


Som tillitsvald har du krav på gyldig fritak frå undervisning. Vervet varer om lag eit studieår.

2

OPPGÅVER

Den viktigaste oppgåva for deg som klassetillitsvald er å vere talerør for klassen din. Det inneber å ta opp saker på deira vegne i Studentrådet. Du tek også med relevant informasjon frå Studentparlamentet, HVO og andre tilbake til klassen.

Du bidreg også til å sikre ei god gjennomføring av evalueringar ved HVO. Evaluleringar og studentundersøkjingar vert gjennomførte ved høgskulen med jamne mellomrom for å sikre og forbetre kvaliteten i dei ulike utdanningane HVO tilbyr.



KVA ER STUDENTPARLAMENTET?

Det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen i Volda. Studentparlamentet er bindeleddet mellom studentane og leiinga ved Høgskulen.

Vi er pådrivarar for å utvikle og kvalitetssikre studiekvaliteten ved høgskulen og arbeider for å sikre studentane sine interesser. Studentparlamentet er i tillegg ein paraplyorganisasjon for alle studentlag- og organisasjonar ved høgskulen.

Studentparlamentet fattar vedtak og tek avgjerd som gjeld alle studentane ved høgskulen. Parlamentet har minimum sju møte gjennom studieåret. Dei er opne for alle studentar.

KVA ER ARBEIDSUTVALET?

Saman med den fast tilsette organisasjonskonsulenten er det arbeidsutvalet som tek seg av den daglege drifta av Studentparlamentet. Dei ulike stillingane i arbeidsutvalet er Leiar, Fagansvarleg, Velferdsansvarleg, Informasjonsansvarleg og Internasjonalt ansvarleg.

KVA ER STUDENTRÅDET?

Er forumet der alle dei tillitsvalde møtast, saman med arbeidsutvalet. Her kan dei tillitsvalde fremje saker frå studentane, og arbeidsutvalet kan orientere om, og få synspunkt på saker som er oppe til diskusjon. Studentrådet har to møte i semesteret. Det første er lagt opp som eit kurs for nye tillitsvalde.

KORLEIS HANDTERE SAKER?

Når medstudentar kjem til deg med utfordringar, synspunkt eller saker dei ynskjer å gå vidare med, er det ikkje alltid like lett å vite korleis ein skal gå fram. Då kan desse enkle køyrereglane vere til hjelp.

1

Finn fyrst ut om saka gjeld ein enkeltstudent, eller om ho vedkjem fleire.

4

Er det ei farleg sak, ta kontakt med medstudentar som sit i fagutvalet, og bruk fagutvala som ein kanal for å få andre sine synspunkt på saka.

2

Det kan være lurt å prøve å løyse sakene på lavast mogleg nivå. Om det er ei fagleg sak, kan ofte ein samtale med faglærar vere den beste løysinga på problemet.

5

Er det ei sosial eller privat sak som f.eks. mobbing i klassen, ta kontakt med oss på Studentparlament-kontoret. Om du ikkje når fram til rette vedkomande, er usikker eller har ei vanskeleg sak, vil vi gjerne hjelpe deg.

3

Hugs å dokumentere saka best mogleg. Skriv referat frå viktige samtalar, og ta vare på e-postar og andre dokument som kan verte viktige vidare i saka.

6

Bruk oversikta over ansvarsområde på neste side om du er i tvil om kven du skal kontakte.

DEKAN

Dekanen er fagleg leiari på avdelinga. Dekan har det overordna ansvaret for det faglege arbeidet ved avdelinga, og for å fremje god kvalitetskultur. Det er dekanen som har ansvaret for at evalueringar av undervisninga blir gjennomført, og for at resultatane av evalueringane vert drøfta i relevante fora.

FAGLÆRAR

Faglærer har ansvaret for gjennomføring av evaluering av emnet, lage undervisningsplan, og gje innspel til programansvarleg om ressursbehov for å gjennomføre emnet.

STUDIELEIAR

Studieleiar har medansvar for gjennomføring av evaluering av kvaliteten på studieprogrammet, medrekna praksisopplæring. Studieleiar har òg ansvar for å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

INSTITUTTLEIAR

Instituttleiar har ansvaret for planlegging, koordinering, evaluering og kvalitetsutvikling av studieprogram. På same tid skal instituttleiaren bidra til sakshandsaming av fagutvalssaker som gjeld programmet, og gjennomføre møte med emneansvarleg for å koordinere eventuelle endringar i studieprogrammet.

REKTORATET

Rektoratet er ansvarleg for kvaliteten på HVO sitt studietilbod. Prorektor har ansvar for den daglege oppfølginga av kvalitetssystemet. Rektoratet har i tillegg ansvar for at det vert oppretta og gjennomført kompetansehevingstiltak.

HVO-STYRET

Høgskulestyret er det øvste organet ved HVO. Det er samansett av rektor, prorektor, to medlemmer vald frå dei tilsette i undervisning- og forskarstillingar, eit medlem vald frå dei teknisk og administrative tilsette, to studentrepresentantar, og fire eksterne medlemmer.

HVO-DIREKTØR

Høgskuledirektøren har ansvaret for drift og vedlikehald av kvalitetssystemet. Direktøren har også ansvaret for kvaliteten i dei administrative tenestene knytt til studiekvalitet.

STUDIEDIREKTØR

Studiedirektøren har det samla ansvaret for kvalitetsarbeidet knytt til dei studieadministrative støttetjenestene ved HVO. Studiedirektøren skal, i samarbeid med avdelingane, ta initiativ til intern evaluering av studietilboda for å sikre studiekvaliteten.

FORDELAR MED Å VERE TILLITSVALD

VERDIFULL ERFARING

Tillitsvalde får verdifull erfaring ved å jobbe med tillitsvaldarbeid!

Ein lærer om saksgang, korleis ein snakkar med autoritetspersonar og om problemløysing.

BIDRA TIL Å UTVIKLE HØGSKULEN

Ved å jobbe aktivt med og for studentar bidreg du til å gjere studiesituasjonen betre.

EIN GOD ATTEST

Etter avslutta verv kan du få attest for arbeidet, noko som kan telje positivt til dømes ved seinare jobbsøking.

EIT SOSIALT NETTVERK

Ved å vere tillitsvald kan du knytte kontaktar på tvers av studieretninga di. Då kan du dele erfaringar frå arbeidet og bli kjend med andre likesinna studentar.

ER DU OGSÅ MEDLEM I KVALITETSUTVALET?

KVALITETSSYSTEMET VED HVO

I følge Universitets- og høgskulelova skal universitet og høgskular ha eit internt system for kvalitetssikring, som skal sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanninga. Kvalitetsutvalet er ein del av kvalitetssystemet ved HVO. Utvalet skal vere eit forum for tilbakemeldingar og evaluering undervegs i studiet, og har samstundes som mål at studentar og faglærarar skal utvikle ei fagkritisk haldning. Alle fleirårige studieprogram skal ha kvalitetsutval.

Kvalitetsutvalet kan mellom anna ta føre seg følgjande område innanfor studiet/emnet:

- Innhald
- Arbeidsmåtar og organisering
- Rettleiing
- Praksis
- Arbeidskrav/obligatorikk
- Vurdering og eksamen
- Læringsutbytte
- Pensum
- Informasjonsflyt
- Emnet eller studiets relevans for framtidig arbeid

Vil du vite meir? Gå inn på: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/kvalitetsarbeid-ved-hogskulen-volda/retningslinjer-kvalitetsutval>

VIL DU ENGASJERE DEG MEIR?

Vi oppmodar deg som tillitsvald til å engasjere deg i dei ulike råda og utvala der studentar er representerte. Dette arbeidet er svært lærerikt og vil også telje positivt på CV-en. Val av studentrepresentantar til dei fleste utvala finn stad på det første studenttingsmøtet i studieåret.

SKIKKANEMNDA

FORSKINGSUTVALET

KLAGENEMNDA

LÆRINGSMILJØUTVALET

STRATEGISK STUDIENEMND

TILSETJINGSUTVALET FOR UNDERVISNINGS-
OG FORSKINGSSTILLINGAR (TUFO)

INTERNASJONALT UTVAL

STYRET TIL STUDENTSAMSKIPNADEN I VOLDA

HØGSKULESTYRET



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

LURER DU PÅ NOKO?

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda sine kontor ligg i 1. etasje i Berte Kanutte-bygget.

Vår arbeidsoppgåve er å sikre at din studiekvardag blir best mogleg, så ta gjerne turen innom oss dersom du har spørsmål eller innspel til kva vi kan arbeide med.

Opningstider: måndag - torsdag 09.00 – 15.00

Telefon: 70 07 51 51

E-post: studentparlamentet@hivolda.no